

## **Stortinget må seia nei til tilknytning til ACER**

Forbundsstyret i Fellesforbundet er positive til internasjonalt samarbeid om både utvikling og utveksling av energi, ikkje minst av omsyn til klima og til sikker tilgang på kraft til det enkelte land. Det er bra at land samarbeider for å få ei god utnytting av krafta, og det blir stadig viktigare etter kvart som andelen fornybar kraft må aukast.

Norge er også tent med eit slikt samarbeid ut frå vår eiga forsyning. I periodar er Norge avhengig av å importera straum for å dekkja våre kraftbehov. Samtidig er Norge ein ikkje ubetydeleg krafteksportør, fordi vi kan produsera meir kraft enn vi treng sjølve. Norge har hatt kraftutveksling med andre land sidan 1960-talet og det har tent oss godt. Først hadde vi samarbeid og utveksling med andre nordiske land, og seinare også med andre EU-land. Norge slutta seg i 1999 til EU sin første energipakke, og i 2005 til den andre. Vi er såleis integrert i EUs energipolitikk, men har samtidig behalde vår sjølvråderett over ressursane.

Stortinget har no til behandling fleire saker med bakgrunn i EUs tredje energipakke. Her har regjeringa føreslått at Norge knyter seg til EU sin Energiunion gjennom ACER (Agency for the Cooperation of Energy Regulators). Stortinget skal også behandla spørsmål knytt til handelen med elektrisitet og gass.

Forbundsstyret meiner ACER er eit viktig samarbeidsorgan for drøfting av energispørsmål, og i utveksling av informasjon mellom land. Det gjeld ikkje berre i spørsmål knytt til el-marknaden, men også regelverk knytt til gass. Norge er ein stor eksportør av gass til EU-land, og spørsmål om infrastruktur og gassmarknad er derfor av stor interesse for Norge.

Forbundsstyret ser det likevel som sterkt betenkeleg at Norge skal slutta seg til ACER, fordi det kan medføra overføring av vedtaksrett i saker om kraftutveksling mellom land. Det vil dermed kunna svekka råderett og kontroll over vasskrafta og norsk kraft- og industripolitikk ved overføring av makt og myndigheit til ACER. Slik forbundsstyret ser det, er det i dag uklart kor langt denne vedtaksmyndigheita vil strekkja seg, og som skal utøvast gjennom det uavhengige norske organet RME (Reguleringsmyndigheten for Energi), når det gjeld saker som vedkjem Norge. Norge kan ikkje godkjenna eller akseptera at EU eller energibyrået ACER får eit mandat til å kunna vedta bygging av ny utanlandskapasitet.

Fleire eksportkablur frå Norge til EU-området kan, i alle fall på kort og mellomlang sikt, driva opp el-prisane i Norge og dermed svekka utviklings- og verdiskapingspotensialet som ligg i norsk kraftkrevjande industri. Overføringskablur til utlandet må derfor berre kunne eigast av den norske staten. Bygging av slike kablur må også i framtida vurderast i ein samfunnsøkonomisk samanheng og suverent vedtakast av norske styresmakter. Vi må innretta oss slik at kraft framleis skal vera ein viktig konkurransefordel for norsk industri.

Med den kunnskapen vi i dag har om saka ber derfor forbundsstyret Stortinget om å seia nei til medlemskap i ACER. Forbundsstyret meiner Norge ikkje kan godkjenna eller akseptera at EU eller ACER får eit mandat til å kunne vedta om bygging av ny utanlandskapasitet, korkje i dag eller i framtida. På bakgrunn av risiko for overføring av vedtaksrett meiner forbundsstyret at Stortinget må handsama saka etter § 115 i Grunnlova.